

# Nyhetsbrev 2023 14

Oktober 2023

## Endringar i Regionalt miljøtilskot (RMP)

Vi vil minne om søknadsfristen for RMP som er søndag 15 oktober. For seint levert søknad blir trekt 1.000 kr. pr. dag. Fram til 29. oktober kan du endre i allereie innlevert søknad.

### Kart må teiknast inn på nytt

Mange som skal søkja på miljøvennlig spreining av husdyrgjødsel opplever litt utfordringar med dette i søknadsportalen, så ver obs på fylgjande:

- Kart frå tidlegare år blir ikkje importert på dette tiltaket, så det må teiknast inn på nytt.
- Når du skal teikna inn miljøvennleg spreining med tilførselsslange, må du velje «nedlegging av husdyrgjødsel» først og lagre det, før du veljer «spreining av husdyrgjødsel med tilførselsslange»

### Endring i kva myrareal det kan søkjast tilskot til gjennom RMP

Tidlegare år kunne du søkja tilskot til skjøtsel av myr som var registrert i naturbasen, og som låg inntil jordbruksareal. Dette er ikkje lenger ein del av RMP ordninga etter revidering.

**Nytt:** Myra skal være definert som myr i gardskart AR5 og ligge inntil fulldyrka eller overflatedyrka mark, eller innmarksbeite som er godkjend som spreieareal for husdyrgjødsel. I RMP-søknaden skal den registrerast under «Skjøtsel av biologisk verdifulle areal»

Areal som er registrert som myr i AR5 finn du med å gå inn på gardskartet og velja «markslag 13 klassar».

## Tidleg pensjon til jordbrukere

Tilskot for tidlegpensjon i landbruket skal lette generasjonsskifte. [Her finn du informasjon om vilkåra for å søkje tidleg pensjon i landbruket, og korleis du skal søkje.](#)

### Vilkår for tidleg pensjon

*Einbrukarpensjon* gis til jordbrukarar som har fylt 62 år, og som har drive jordbruk i minst 15 år. Ein jordbrukar som har fylt 62 år kan saman med ein ektefelle/sambuar som har fylt 57 år få *tobrukarpensjon*. Referanseperioden for inntekta er satt til fem år, dette gjeld både næringsinntekt frå landbruksføretaket og annan inntekt frå tilleggsnæring til landbruket. Eigedommen må vere overdratt til ein ny eigar, og ny eigar kan ikkje vere ektefelle/sambuar.

### Korleis søkje?

Søknaden med vedlegg skal sendast Statsforvaltaren per post. Det er Statsforvaltaren som skal handsama søknaden og fatte vedtak. Det er løpande søknadsfrist. Dersom du ønskjer å få ei førehandstilsegn, kan du sende søknad 6 månader før du oppfyller krava.

## Nytt om vassdragene

### Håelva

Vi har bestilt en ungfiskundersøkelse i Håelva denne høst. Målet er å følge med på bestanden av laks og sjøørret. Siste undersøkelse var i 2018. Grunneiere er informerte. Rapporten blir lagt ut på hjemmesiden når den er klar. Vi er avhengige av lav vannstand for å gjennomføre undersøkelsen, så det må bli i en oppholdsperiode.

### Dalabekken

I Dalabekken var Risa AS inne for å utbedre fossen i det nye parkområdet i juli. I tillegg gjorde vi flere mindre endringer nedenfor fossen. Vi har dermed fått gjort mye av det som var beskrevet i tiltaksplanen. Her ser vi nå at fisken går lengre opp. Sjøørret prosjektet jobber også med å sette inn fleksiterskler i røyr under Opstadveien. Fleksiterskler er en form for fisketrapp.

### Tverråna, Tjensvollbekken og Risabekken

I september fikk vi påbegynt tiltak i Risabekken og Tjensvollbekken. I Risabekken ble det gjort noe erosjonssikring, vi fikk fjernet noen flompropper samt lagt ut noen mindre stein i løpet for å gi økt bevegelse i vannet. I tillegg har Sjøørretprosjektet lagt ut gyttegrus i skogen ved Tjensvollbekken.



*Bilde: Miljøvennlig erosjonssikring og steinutlegg i Risabekken*

### Rongjabekken og Tvihaugsåna

Vi hadde møte 11.10.2023 for grunneiere som grenser til Rongjabekken og Tvihaugsåna. Hensikten var å informere om mulige miljøtiltak i tiden fremover. Det var godt fremmøte, selv om ikke alle hadde anledning til å delta. Det vil komme et tilsvarende møte for Søndre Varhaugselv, som du kan være med på hvis du var forhindret å komme. Fremover skal vi ta kontakt med alle grunneiere og se på hvilke tiltak som kan være aktuelt å sette i gang med. [Tiltaksrapporten for Rongjabekken og Tvihaugsåna er lagt ut her.](#)